



*Årsmelding*

*1997*

**Årsmøtet for 1996** vart halde på Fossevang Gjestehus 12.. mars 1997

Det nye styret vart som følgjer:

Leiar: Guro Råheim Kvam, nestleiar: Kari Fagersand, kasserar: Astri Tveit, skrivar: Ola Norvald Hagen, styremedlem: Sigrid Eggen

Varamedlem: Synnøve Kvam og Nils Leine

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Torpe

Valnemnd: Liv Leine, Jan Sparstad og Bjørg Berge

Det har vore halde 10 styremøter i arbeidsåret.

**Medlemstal:** Laget har i 1997 hatt 63 medlemmer,- ein oppgang frå året før.

### **Representasjon:**

- ⇒ Laget hadde to utsendingar til LfS sitt årsmøte på Skei i Jølster 12.- 13. april. *Andris og Guro*
- ⇒ Me hadde to utsendingar til VFL sitt årsmøte på Fagernes 14. mars, og ein utsending til VFL sitt ekstraordinære årsmøte på Fagernes 31. august. *1) Nils Rogn Kari Hagen  
3) Guro Kvam*
- ⇒ Me har òg delteke på dei 2 leiarmøtene for lokallaga i Valdres, som vart halde våren '97.
- ⇒ Representantar i Vang Musikkråd har vore: Guro R. Kvam og Synnøve Kvam (vara)

### **Medlemsaktivitetar:**

#### **Springar og runddans**

Me har hatt tilsaman 7 dansekveidar for medlemmane. Hausten '97 samarbeidde me med Vestre Slidre folkemusikk- og danselag. Felles dansekveidar gav ikkje det store oppsvinget i talet på frammmøtte,- men det var svært triveleg for dei som var tilstades.

Siste dansekvelden før jul hadde me enkel traktering og avslutning for Dansarringen, «Småbukkadn» og vaksne dansarar,- med god oppslutning.

#### **Lausdans**

Nils Rogn og Andris Kvam har vore leiarar for Hallingdansgruppa i laget,- der rundt 15 gutar og jenter dansar annankvar tysdag.

## Opplæring i spel

Felegruppa har hatt fleire øvingar i løpet av året. Denne gruppa består av både eldre og yngre, nybyrjarar og vidarekomne. Nils Leine er musikalsk leiar.

Som tidlegare har me også dette året hatt eit samarbeid med Vang kommunale musikkskule, med opplæring i spel. Me har i år òg vore inne i Dansarringen i musikkskula med opplæring i springardansing.

I tillegg til dette har me medlem som får opplæring i Spelemannsskula, som vart etablert av VFL hausten '97, for å gje eit tilbod til tidlegare musikkskuleelevar som no går på vidaregåande skule.

## Konsertar, tilstelningar og kappleiksdeltaking:


- ⇒ 30. april stod laget som medarrangør for den årlege Vårmonstringskonserten på VBU. Det var svært mykje folk på konserten, så me laut lære oss å skjæra små kakestykker... Me hadde òg sceneinnslag med springar og lausdans under konserten.
- ⇒ 30. mai arrangerte me, i lag med Vang Kommunale Musikkskule, Langeleik-konsert i Øylo Gjestgiveri. Dette var ein svært stemningsfull konsert med ganske bra publikumsoppslutning.
- ⇒ 25. oktober hadde me konsert og dans på Åsvang med Slåttetrioen: Håkon Høgemo, Leif Rygg og Knut Hamre. Ein flott konsert, som hadde fortjent fleire tilhøyrarar.
- ⇒ Me har hatt deltakarar på Lokalkappleiken i Ulnes, Landskappleiken på Ål, Jørn Hilme-stemnet og Landsfestivalen på Otta.

→ Småbutikken deltok under Val Kampagnera for Oppland  
**Prosjekt:** Senterparti ..... sept. 97 på Beitostaden. Anne E. Larstein  
hadde hatten for småbutikken og dei gjorde et lykke. Dei møtte  
V. sp. for denne oppførelsen.

**Musikkstøga:** Saman med Vang Rockeverkstad har me søkt om Rockeverkstadmiddel, - og fått kr. 50 000,- til kjøp av diverse PA og lydutstyr. Tidlegare har ein starta med istandsetjing av uthuset til Torpe Skule, for å ha som øvingsrom. Målet er å få til ei «støge» for øving, samspel over «sjanger-grensane» og der det er mogeleg å gjera opptak. Musikkstøga leiger ut tenester til Vang Kommunale Musikkskule.

**Andris E. Vang - CD:** Dette prosjektet vart som kjent påbegynt etter utgjevinga av Andris Vang kassetten til jubileet i 1995. Dei fleste opptaka til CD'en er gjort. Nokre må takast opp att. Men alt har stoppa opp pga finansieringsproblem. Styret i Valdreskvelven og CD-nemnda (Nils Rogn, Kari Hagaset, Jan Sparstad, Ola Norvold Hagen, Bente I. Hemsing og Guro R. Kvam) meiner det vil vera synd om me ikkje får gjeve ut CD'en avdi det er lagt ned svært mykje pengar og arbeid i utgjevinga så langt. Det vert difor no arbeida med alternativ finansiering, samt alternativ til produsent/lydstudio for å få prosjektet i hamn. Til orientering har CD-prosjektet ca. kr. 30 000,- på konto. CD-nemnda har hatt 2 møter i 1997.

*Til slutt vil styret få takke alle for engasjement og innsatsvilje i  
året som har gått!*



*Kvam, 9. februar 1998*